



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
23.06.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/4674 611
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
v. barnehagemyndigheita

Utlysning tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning til studieåret 2017 / 2018 – lokal prioritering

Utdanningsdirektoratet har, som eit ledd i oppfølging av strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage 2014-2020* gitt fylkesmennene fullmakt til å fordele tilretteleggingsmidlar for studieåret 2017-2018 etter lokal prioritering. Formålet med økonomisk støtte er å gi eigararar (kommunale og private) høve til å leggje forholda til rette for å få fleire pedagogar i barnehagane sine.

- Fylkesmannen i Hordaland har 1 668 mill. kr. til fordeling i 2017
- Ein kan søkje om inntil kr. 50 000 per studieår for kvar student

Vidareutdanning som er søkt via Utdanningsdirektoratet sin søkjarportal inngår ikkje i denne ordninga, sidan desse studia har egne tilretteleggingsmidlar.

Lokal prioritering i Hordaland

På bakgrunn av utviklinga i barnehagesektoren, med auka behov for barnehagelærarar, vil Fylkesmannen i Hordaland prioritere tilskot til eigarar med

- Tilsette som har minimum 50 prosent arbeidsforhold i barnehagar i Hordaland og som deltek i *arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning - ABLU 2.* studieår.
- Tilsette med minimum 50 prosent arbeidsforhold i barnehagar i Hordaland som deltek i *deltids barnehagelærarutdanning 2.* studieår.

Kommunar med lågast del barnehagelærarar blir prioritert dersom det er oversøking til desse to studia.

Kven kan søkje om midlar - studieåret 2017/18

- Barnehageeigarar som ynskjer å leggje til rette for studium for egne tilsette
- Eigar som søkjer i samråd med den tilsette innan Fylkesmannen sine prioriterte område
- Eigar med tilsette som har minimum 50% arbeidsforhold i barnehagar i Hordaland

Tildelte midlar skal nyttast til

- vikar for at den tilsette skal få permisjon med lønn
- å dekke reise- og/eller opphaldsutgifter, studiemateriell for den tilsette
- å dekke reise- og/eller overnatting
- studiemateriell for den tilsette
- å dekke utgifter den tilsette har etter rekning/faktiske utgifter og som kan dokumenterast

Som hovudregel skal midlane ikkje betalast ut som lønn/stipend, fordi dei då vil bli skattepliktige for studenten og utløyse arbeidsgjevaravgift.

Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar, må det avklarast lokalt korleis midlane skal fordelast mellom barnehagane

Midlane blir betalt ut til barnehagemyndigheita i dei respektive kommunane, som utbetaler midlane til barnehagane. Halvparten blir utbetalt hausten 2017, det resterande blir utbetalt våren 2018.

Vi ber om at kommunane informerer private barnehagar om denne ordninga. Utlysinga med søknadsskjema vil også bli lagt ut på Fylkesmannen si nettside.

Frist for å sende inn søknaden er 1. september 2017

[Klikk her for søknadsskjema](#)

Med helsing

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.